




Familie, barnehage og likestillingsavdelingen
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

BARNE- OG FAMILIEDEP	KASS
ARKIVNR.: 330 00	ÅR.
1 JAN 2005	
SAKSBEH:	SIGN.:
SAKSNR.: 2004/04/169	426



Dato: 21.12.2004
Jnr.: 013157/04
Arkivnr.: A10 &13

Vår ref: SSA - 04/01978
Dykkar ref:

MELDING OM ADMINISTRATIVT VEDTAK - HØYRING - NY BARNEHAGELOV

Saka er handsama som saksnr UTV 0012/04.

Stord kommune har ikkje handsama høyringsnotatet til ny barnehagelov politisk. Tidsfristen passa ikkje inn i høve til planlagte politiske møter. Administrasjonen har fått innspel til høyringsnotatet både frå barnehagestyrarane i kommunen og frå Utdanningsforbundet.

Stord kommune v/Rådmannen vil gi uttale til paragrafane 7, 8, 10, 16, 18 og 19 i høyringsutkastet. Til dei andre paragrafane sluttar kommunen seg til forslaget til lovtekst.

SAMANDRAG AV UTTALE:

§ 7 Vedtektsutkast ved søknad om godkjenning bør vidareførast.

§ 8 Meir tydeleggjering i lova i høve kommunen sitt ansvar

§ 10 Kommunen må ha ei viss mynde til styring av utbygging
Ser positivt på meir frihet for kommunen til vurdering av lokaler og uteområde i staden for ei minimumsnorm

§ 16 Tydeleggjering av kommunen sine roller naudsynt – gjerne eit rettleingshefte frå departementet

§ 18 Stord kommune sluttar seg til alternativ A, men meiner at dersom ikkje fagleg og administrativ leiing kan delast, må den daglege leiaren ha førskulelærarkompetanse

§ 19 Stord kommune sluttar seg til alternativ B i lovutkastet .

KOMMENTARAR TIL DET EINSKILDE PUNKT:

§ 7 Barnehageeigars ansvar

Det vert føreslege i høyringsutkastet å oppheva kravet om at utkast til vedtekter skal leggjast fram for kommunen ved søknad om godkjenning av barnehage, og at endelege vedtekter og vedtektsendringar skal sendast til kommunen.

Stord kommune meiner kravet bør oppretthaldast. Vedtektene gir kommunen som tilsynsmyndighet eit godt innblikk i eigar si handsaming av td. foreldrebetaling, opnings- og

stengetider, opptakskrets m.m. Det er det viktig for kommunen å ha ei oversikt over dette for å få eit heilskapsbilde av sektoren. Det er også viktig i samband med samordning av opptak i høve til informasjon til foreldre m.m.

§ 8 Kommunen sitt ansvar

I og med at kommunen har ansvar for at det finnest eit samla barnehagetilbod i kommunen som dekkar brukarane sitt behov, og skal forholde seg både til private samstundes som den har eigarinteresser i sektoren, vil kommunen lett komma i ei dobbeltrolle. Denne dobbeltrolla blir forsterka når kommunen får det totale finansieringsansvaret for barnehagesektoren. Stord kommune meiner at kommunen sine oppgåver i høve til dette punktet må verta tydeleggjort .

§10 Godkjenning

Høyringsnotatet legg opp til at kravet til utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale tilhøve og behov. Det betyr at det vert sett krav til samansetjinga av tilbodet og evne til å endra og utvikla tilbodet i takt med endringane og behova til innbyggjarane. Slik Stord kommune ser det, gir ikkje lovforslaget kommunen mynde til å styra utviklinga i tråd med lova. Dersom ein ikkje får det, vil det verta markeded/ etterspørselen som avgjer. Dette føreset at tilskot blir knytta til barnet og ikkje til plass. Slik det har vore til no, har det i Stord kommune ført til at ein har hatt lite høve til å påverka utviklinga av tilbodet og behovet slik som ynskjeleg. Stord kommune meiner at kommunen må ha mynde til ei viss styring av behov og heilskap. Dette kan td . gjerast gjennom ein barnehageplan som alle må forholde seg til ved utbygging. I motsett fall, kan det ikkje leggjast ansvar på kommunen å sikra eit samla barnehagetilbod som dekkar brukarane sine behov.

Når det gjeld oppheving av dagens krav om at "uteområdet skal normalt ligge i umiddelbar tilknytning til barnehagens lokaler", ser ein positivt på det, og er einig i at dette kan kommunen sjølv vurdere i samband med egnethetsvurderinga. Det er vidare viktig at departementet foresler å vidareføra moglegheita for å setja vilkår i høve til talet på barn, barna sin alder og opphaldstida. Dette gir kommunen moglegheit til å leggja vekt på og vurdere dette nøye i høve til egnethetsvurderinga i godkjeningsprosessen. Stord kommune ser dette som ein viktig faktor i høve til å kvalitetssikra for barna meir enn ei minimumsnorm gjer.

§ 16 Tilsyn og veiledning

Kommunen sitt ansvar for tilstrekkeleg kvalitet på barnehagetilbodet forutset eit visst lokalt tilsyn. Dette bør vera enkelt . Det er ønskjeleg at departementet kan utarbeida eit veiledningshefte. Nyare kommunal organisering , med flatare struktur gir utfordringar i høve til utøving av tilsyn i eigne barnehagar opp mot private barnehagar. Stord kommune er samd i at kommunen må skilja i rollene sine som eigar og tilsynsmyndighet. Det må klargjerast kva dei inneber og kor interessekonfliktane kan oppstå.

Kommunen si veiledningsrolle i høve til den einskilde barnehage er viktig, og det er etter vår meining rett at overskrifta i paragrafen blir tilsyn og veiledning.

At fylkesmannen får endra si rolle i høve til tilsyn synest rett, og at nærare reglar vert konkretisert. I og med at kommunane er tillagt tilsynsansvar, bør fylkesmannen sitt tilsyn etter vår meining vera av ein meir støttande karakter.

§ 18 Ledelse

I høyringsnotatet kjem det tydeleg fram at av omsyn til barna er det viktig med god personalmessig kvalitet. Innstillinga frå arbeidsgruppa om kvalitet syner til barnekonvensjonen som særleg nemner tryggleik, helse, talet på personal og deira kvalifikasjonar, samt kvalifisert tilsyn som viktige faktorar for kvalitet.

I dag krev lova at styrar skal ha førskulelæruddanning og at kvar barnehage skal ha ein styrar. Stord kommune meiner at ut frå dei kvalitetskrav som vert stilt til barnehagen, er det naudsynt med fagleg utdanna leiing for å sikra barn likeverdige pedagogiske tilbod. Krava frå brukarane til kvalitet er aukande, og i høve til utvikling av barnehagen i tråd med samfunnsutviklinga og til samarbeid med andre kommunale tenester, er fagleg leiing til beste for barn og foreldre.

Forslaga i høyringsutkastet om innhaldet, tydeleggjer kva oppgåver barnehagen skal ha. Dette krev ein barnehageleiar med fagleg kompetanse samt relevant leiingskompetanse.

Stord kommune vil slutta seg til alternativ A i lovforslaget om at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing, samt at barnehagen skal ha ein dagleg leiar. Som ein konsekvens av dette, meiner Stord kommune at for å sikra barnehagen sine kvalitetar for barn i alderen 0-6 år, må den daglege leiaren ha førskulelærarkompetanse dersom ikkje fagleg og administrativ leiing kan delast.

§ 19 Barnehagens øvrige personale

I den omtala OECD – rapporten vert det m.a. peika på at Norge har ein vesentleg lågare pedagogtettleik enn land det er naturleg å samanlikna seg med. Nokre av barnehagane i Stord kommune har tid om anna gjort om assistentressurs til pedagogressurs, og har gode erfaringar med det i høve til det faglege arbeidet med barna. Frå barnehagane si side er det sterkt ynskjeleg med meir pedagogressurs i staden for assistentressurs, men det ein del dilemmaer i høve dette, m.a. den ubundne arbeidstida tida til førskulelærarane.


Barnehagen sin innhaldsparagraf sler fast at barnehagen skal vera ei pedagogisk tilrettelagt verksemd. Likevel er fleirtalet av dei som arbeider i barnehagen ufaglærte. Sjølv om talet på assistentar med fagarbeidarkompetanse har auka, er det trass alt ei utdanning på vidaregåande skulenivå. Det er sjølv sagt bra at kompetansen til assistentane aukar i form av fagutdanning.


Høyringsnotatet syner til at både barnekonvensjonen og Europarådet sin rekkommandasjon føreset at barnehagar har utdanna personale. Forslaget til lovfesting av barns rett til medverknad og at barnehagen generelt har eit førebyggjande aspekt er viktig. Stord kommune meiner at for å bidra til dette, krevs eit kompetent personale.

Stord kommune vil slutta seg til alternativ B i lovforslaget. Dette forslaget har same ordlyd som alternativ A, men med ei felles norm i forskrifta på ein førskulelærer per 10-14 barn som er tilstades samstundes i staden for vidareføring av dagens norm.

AVSLUTNING:

Stord kommune vil avslutningsvis gje utrykk for at det ikkje har vore enkelt å gi uttale til eit så pass vidt lovutkast, og særleg når ein ikkje kjenner til kva som kan komma i forskriftene. Den økonomiske situasjonen er usikker, og det er vanskeleg å veta korleis situasjonen blir ved overgang frå øyremerka tilskot til rammeoverføring. Stord kommune ser det som viktig at den økonomiske situasjonen for barnehagesektoren blir sikra, og at det vert høve til å ha eit fagleg tilrettelagt tilbod til barna sitt beste.

Medhelsing

Martin Dahle
Rådmann


Sonja Sangolt
Barnehagekonsulent